
Vår referanse 2021/612-7
Dato 10.08.2021

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Uttale - Dispensasjonssøknad - oppføring av bustad - gnr 33 bnr 13 - Jordal - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til søknad om dispensasjon frå arealføremål, datert 06.07.2021. Vi har fått utsett frist for uttale til 10.08.2021.

Saksgang

Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. Plan- og bygningslova § 19-1. Vi har og klagerett i slike saker.

Planstatus

Eigedom ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindås 2019-2031 er definert som LNFR-føremål.

Uttale

Det er søkt om dispensasjon frå LNFR-føremål for løyve til å oppføre bustad og garasje på eigedom gnr 33 bnr 13 i Alver kommune.

I søknaden vert det vist til at eigedom tidlegare har vore definert om LNF-spreidd bustad. Kommunen har her gjort ei ny vurdering av arealføremålet. Ifølge planskildringa til Lindås sin KAP 2019-2031 er arealet på Jordal endra frå KPA 2011-2023 med grunngjevinga «ikkje bygd ut i planperioden».

Vi har tidlegare i år motteke søknad om utvida bruk av avkøyrsløse til fylkesveg 5464 for eigedom, som vi avsla. Avslaget vart grunngjeve med at fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse «mindre streng» jf. *Rammeplan 2017-2020* (no erstatta av *Rammeplan 2021-2024*) som seier at «nye bustadavkøyrsløse bør avgrensast» og svært sårleg sikt på staden.

I tillegg seier rammeplanen at dersom fartsgrensa er 70 km/t eller høgare bør nye avkøyrsløse avklarast i reguleringsplan. Det ligg ein landbruksavkøyrsløse her som ikkje stettar krava til teknisk utforming for ein bustadavkøyrsløse. Og det vil vera svært vanskeleg å opparbeide ein god avkøyrsløse på staden.

Vestland fylkeskommune, ved avdeling for infrastruktur og veg, er kritiske til dispensasjon frå arealføremålet og bygging i LNF området her. Vi vil og vise til at eigedom ligg spreidd frå eksisterande bustadar i området, og at eigedom ikkje er sikra trygg skuleveg. Vi ber om å få saka tilsendt når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift